NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK A 98

# UNDERVISNINGSSTATISTIKK
## 1963-64
## HEFTE II

FOLKEHØGSKOLAR

EDUCATIONAL STATISTICS
1963-64
Volume II

Folk High Schools

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1964

## Noregs offisielle statistikk, rekkje XII

### Norway's Official Statistics, series XII

**Rekkje XII** **Prenta 1963**

Nr. 109 Forsikringsselskaper 1961 *Sociétés d'assurances*
— 110 Lønnsstatistikk 1962 *Wage statistics*
— 111 Fiskeritelling 1. november 1960 II Fiskeflåten *Fishery census II The fishing fleet*
— 112 Folkemengdens bevegelse 1961 *Vital statistics and migration statistics*
— 113 Ulykkestrygden for sjømenn 1959 Ulykkestrygden for fiskere 1959 *Accident insurance for seamen Accident insurance for fishermen*
— 114 Syketrygden 1961 *National health insurance*
— 115 Utenrikshandel 1962 II *External trade II*
— 116 Fiskeristatistikk 1961 *Fishery statistics*
— 117 Folketelling 1960 II Folkemengden etter kjønn, alder og ekteskapelig status *Population census II Population by sex, age and marital status*
— 118 Jordbruksstatistikk 1962 *Agricultural statistics*
— 119 Alkoholstatistikk 1962 *Alcohol statistics*
— 120 Telegrafverket 1962 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
— 121 Industristatistikk 1961 *Industrial statistics*
— 122 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1961 *Medical statistical report*
— 123 Jordbruksteljinga i Noreg 20. juni 1959 V Oversyn *Census of agriculture V General survey*
— 124 Skogstatistikk 1957—1960 *Forestry statistics*
— 125 Skattestatistikk 1961 *Tax statistics*
— 126 Utenrikshandel 1962 III *External trade III*

**Rekkje XII** **Prenta 1964**

Nr. 127 Økonomisk utsyn over året 1963 *Economic survey*
— 128 Veterinærvesenet 1959 *Service vétérinaire*
— 129 Folketelling 1960 III Folkemengden etter næring, stilling og sosial status *Population census III Population by industry, occupation and status*
— 130 Meieribruket i Noreg 1962 *Norway's dairy industry*
— 131 Elektrisitetsstatistikk 1962 *Electricity statistics*
— 132 Psykiatriske sykehus 1961 *Hospitals for mental disease*
— 133 Folketelling 1960 IV Utdanning *Population census IV Education*
— 134 Samferdselsstatistikk 1962 *Transport and communication statistics*
— 135 Helsestatistikk 1962 *Health statistics*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK A 98

# UNDERVISNINGSSTATISTIKK
## 1963-64
## HEFTE II

FOLKEHØGSKOLAR

EDUCATIONAL STATISTICS
1963-64
Volume II

Folk High Schools

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1964

## U t k o m e n  f ø r

Skolevæsenets tilstand 1888 NOS III 121, 1889 III 175, 1890 III 195, 1891 III 212, 1892 III 224, 1893 III 261, 1894 III 271, 1895 III 319, 1896 III 334, 1897 III 337, 1898 IV 20, 1899 IV 48, 1900 IV 84, 1901 IV 96, 1902 IV 114, 1903 V 5, 1904 V 27, 1905 V 73, 1906 V 81, 1907 V 115, 1908 V 130, 1909 V 163, 1910 V 218, 1911 VI 35, 1912 VI 67, 1913 VI 82, 1914 VI 144, 1915 VII 1, 1916 VII 26, 1917 VII 60, 1918 VII 100, 1919 VII 116, 1920 VII 136, 1921 VII 150,1922 VII 172 1923 VII 187, 1924-25 VIII 18, 1925-26 VIII 66, 1926-27 VIII 90, 1927-28 VIII 128, 1928-29 VIII 163, 1929-32 IX 45, 1932-34 IX 80, 1934-35 IX 106, 1935-36 IX 156.

Skolestatistikk 1936-37 NOS IX 185, 1937-38 IX 199, 1938-39 X 14, 1939-40 X 39, 1940-41 X 64, 1941-42 X 81, 1942-43 X 96, 1943-44 X 142, 1944-45 X 158, 1945-46 X 189, 1946-47 XI 30, 1947-48 XI 95, 1948-49 XI 111, 1949-50 XI 164, 1950-51 XI 170, 1951-52 XI 164.

Undervisningsstatistikk 1952-53 NOS XI 222, 1953-54 XI 264, 1954-55 XI 296, 1955-56 XI 315, 1956-57 XI 343, 1961-62 A 51, 1962-63 II A 78.

# F ø r e o r d

I denne publikasjonen er det gjeve oppgåver over lærarar, elevar m.v. ved folkehøgskolane pr. 1. oktober 1963.

Opplegget til statistikken skil seg noko frå det som vart nytta for skoleåra 1961-62 og 1962-63. I desse åra bygde statistikken både på samleoppgåver frå dei einskilde skolane og på individuelle oppgåver frå elevane. Statistikken for 1963-64 byggjer berre på oppgåver frå skolane.

Oversynet er utarbeidd av konsulent Singulf Olsen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 22. mai 1964

Petter Jakob Bjerve

Idar Møglestue

# I n n h a l d

Side

O v e r s y n

Innleiing ........................................................................ 4

Skolar og undervisningstid ................................................... 4

Lærarpersonalet ................................................................ 5

Søkjarar og opptekne elevar .................................................. 6

Elevane etter alder og bustad ................................................ 7

T a b e l l a r

I. Folkehøgskolar i dei einskilde fylke etter lengda på hovudkursa .... 10

II. Lærarar i dei einskilde fylke etter kjønn og utdaning ............ 11

III. Søkjarar og opptekne elevar i dei einskilde fylke etter kjønn og alder ........................................................................ 12

IV. Elevar i dei einskilde fylke etter alder og bustad ................. 13

V. Lærarar og elevar ved skolane i dei einskilde kommunar ............ 14

V e d l e g g

1. Talet på elevar og lærarar i folkehøgskolane

## S t a n d a r d t e i k n

- Null

.. Oppgåve vantar

# O V E R S Y N

## Innleiing

I denne statistikken har ein teke med alle skolar som går inn under lova om folkehøgskolar frå 28. juli 1949, det vil seie fylkesskolar, folkehøgskolar og private ungdomsskolar som er godkjende til å få rikstilskott. På same vis som i lova, er folkehøgskolar her nytta som ei fellesnemning på desse tre skoleslaga. Dei har alle til føremål å gje vaksen ungdom vidare ålmendaning.

Til statistikken er det henta inn oppgåver over talet på søkjarar til hovudkursa, talet på elevar og talet på lærarar pr. 1. oktober 1963. Dessutan har ein på skjemaet spurt om undervisningstida og bustaden til elevane. Oppgåvene er summariske for kvar einskild skole, og det skjema som er nytta er teke med som vedlegg bak i publikasjonen.

## Skolar og undervisningstid

Det er i alt 75 skolar som går inn under lova om folkehøgskolar. Ein av desse var ikkje i gong i skoleåret 1963-64. Av dei 74 folkehøgskolane som var i drift,var 14 fylkesskolar, 30 frittståande folkehøgskolar og 30 private ungdomsskolar. Med eitt unnatak er det ymse kristelege organisasjonar som eig dei private ungdomsskolane.

Ved alle skolar som var i gong hausten 1963, vart det teke opp elevar til ordinære hovudkurs, det vil seie kurs med ei undervisningstid på minst 24 veker. Sju av skolane hadde berre førsteårskurs, og ein skole hadde berre andreårskurs (vidaregåande kurs). Dei andre 66 skolane hadde både første- og andreårskurs. Auken i talet på skolar med andreårskurs heldt fram i 1963.

Den mest vanlege undervisningstid på hovudkursa var 33 skoleveker. Meir enn to tredjepartar, eller 53 skolar, hadde kurs med denne lengda. Tre skolar hadde lengre undervisningstid. Av dei andre hadde 11 skolar eller 15 prosent kurs som varte frå 24 til 27 veker, medan 7 skolar eller 9 prosent hadde ei undervisningstid på 30 veker.

Undervisningstida på hovudkursa er vesentleg utvida i dei siste åra (sjåtabell 1). I skoleåret 1958-59 var undervisningstida ved dei fleste hovudkursa 24-25 veker, medan mindre enn 7 prosent av skolane hadde så stutte kurs i 1963-64. Som medeltal for alle skolane var kurslengda 31,7 veker i 1963-64 mot 24,6 veker fem år tidlegare. Auken i undervisningstid har vore særleg sterk i dei tre siste åra.

Tabell 1. Folkehøgskolar etter lengda på hovudkursa

| | Undervisningstid i veker | | | | | Skolar i alt | Gjennomsnittleg undervisningstid i veker |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 24-25 | 26-27 | 28-29 | 30-31 | 32 og meir | | |
| 1958-59 .......... | 62 | 2 | 1 | 3 | 1 | 69 | 24,6 |
| 1959-60 .......... | 62 | 3 | - | 6 | - | 71 | 24,9 |
| 1960-61 .......... | 60 | 1 | - | 12 | - | 73 | 25,0 |
| 1961-62 .......... | 20 | 19 | 1 | 29 | 5 | 74 | 27,9 |
| 1962-63 .......... | 7 | 10 | 1 | 15 | 40 | 73 | 30,6 |
| 1963-64 .......... | 5 | 6 | - | 7 | 56 | 74 | 31,7 |

Lærarpersonalet

Pr. 1. oktober 1963 var det i alt tilsett eller konstituert 679 lærarar ved folkehøgskolane. Dette er nær tre prosent meir enn året før.

Tabell 2. Lærarar ved folkehøgskolane

| Skoleår | Lærarar i heil post | | | Timelærarar | | | Lærarar i alt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Menn | Kvinner | I alt | Menn | Kvinner | I alt | |
| 1958-59 .......... | 257 | 133 | 390 | 66 | 77 | 143 | 533 |
| 1959-60 .......... | 267 | 133 | 400 | 68 | 71 | 139 | 539 |
| 1960-61 .......... | 268 | 145 | 413 | 99 | 85 | 184 | 597 |
| 1961-62 .......... | 287 | 170 | 457 | 113 | 63 | 176 | 633 |
| 1962-63 .......... | 300 | 180 | 480 | 104 | 77 | 181 | 661 |
| 1963-64 .......... | 315 | 178 | 493 | 96 | 90 | 186 | 679 |

73 prosent av lærarane var tilsette i heil post, medan 27 prosent hadde timelærarpost. Om lag tre femtepartar av lærarane var menn.

Av lærarar i heil post hadde om lag halvparten lærarprøve, 35 prosent var faglærarar med godkjend lærarutdaning,og 7 prosent var lektorar eller adjunktar. 9 prosent av lærarane hadde ikkje godkjend lærarutdaning.

Tabell 3. Lærarar i heil post etter utdaning

| | Lærarar | | | Prosent | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Menn | Kvinner | I alt | Menn | Kvinner | I alt |
| Lektorar og adjunktar .. | 33 | 2 | 35 | 10 | 1 | 7 |
| Lærarar med godkjend utdaning (lærarprøve) .. | 213 | 28 | 241 | 68 | 16 | 49 |
| Faglærarar med godkjend utdaning ............. | 48 | 127 | 175 | 15 | 71 | 35 |
| Lærarar eller faglærarar utan godkjend utdaning | 21 | 21 | 42 | 7 | 12 | 9 |
| I alt .............. | 315 | 178 | 493 | 100 | 100 | 100 |

Oppgåvene syner elles ein etter måten stor skilnad i utdaninga til mannlege og kvinnelege lærarar. Såleis hadde 68 prosent av dei mannlege lærarane i heil post lærarprøve, medan berre 16 prosent av kvinnene hadde denne utdaninga. Dei fleste (71 prosent) av dei kvinnelege lærarane var faglærarar med godkjend utdaning. 12 prosent av dei kvinnelege lærarane som var tilsette i heil post hausten 1963, hadde ikkje godkjend lærarutdaning, medan det tilsvarande talet for mannlege lærarar var 7 prosent. Samanlikna med skoleåret 1962-63 var det ingen særlege endringar i utdaningsstrukturen for folkehøgskolelærarane.

Av timelærarane underviste nær tre fjerdepartar berre i folkehøgskolen. 14 prosent hadde timelærarpost i folkehøgskolen og heil post i annan skole, og 12 prosent hadde timelærarpost både i folkehøgskolen og i annan skole.

## Søkjarar og opptekne elevar

Hausten 1963 søkte i alt 11 064 personar[1)] om å bli tekne opp som elevar ved folkehøgskolane. Nær 73 prosent av søkjarane ville byrje på førsteårskursa. Det tilsvarande talet hausten 1963 var 79 prosent. Denne nedgangen heng saman med auken i talet på skolar med andreårskurs.

Tabell 4. Søkjarar til hovudkurs

| | Søkjarar | | | Prosent | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Menn | Kvinner | I alt | Menn | Kvinner | I alt |
| Førsteårskurs ........ | 2 242 | 5 797 | 8 039 | 28 | 72 | 100 |
| Andreårskurs ......... | 1 003 | 2 022 | 3 025 | 33 | 67 | 100 |
| I alt ............... | 3 245 | 7 819 | 11 064 | 29 | 71 | 100 |

I 1963, som i tidlegare år, var det langt fleire kvinner enn menn som søkte om å bli tekne opp som elevar på folkehøgskolane. Mindre enn ein tredjepart av alle søkjarane var menn. Prosentvis var det fleire menn av dei som søkte andreårskursa enn førsteårskursa.

Tabell 5. Elevar på hovudkurs

| | Elevar | | | Elevar i prosent av søkjarar | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Menn | Kvinner | I alt | Menn | Kvinner | I alt |
| Førsteårskurs ........ | 1 390 | 2 718 | 4 108 | 62 | 47 | 51 |
| Andreårskurs ......... | 635 | 1 138 | 1 773 | 63 | 56 | 59 |
| I alt ............... | 2 025 | 3 856 | 5 881 | 62 | 49 | 53 |

1) Då talet på søkjarar byggjer på oppgåver frå kvar einskild skole, vil dei som har søkt fleire folkehøgskolar vere tekne med fleire gonger.

Det var til saman 5 881 elevar ved folkehøgskolane pr. 1. oktober 1963. Av desse var om lag tredjeparten menn. Rekna i prosent av søkjarane vart 53 prosent tekne opp som elevar. På andreårskursa var opptaksprosenten noko større enn på førsteårskursa, og den var på begge kursa høgre for menn enn for kvinner. Opptaksprosenten var og ulik i dei einskilde fylka. Lågast var den ved skolane i Nord-Trøndelag, der berre 41 prosent av søkjarane vart tekne opp som elevar, høgst i Sogn og Fjordane med 80 prosent.

I 1963 var talet på elevar 8 prosent høgre enn eit år tidlegare. I same tidsrommet auka talet på søkjarar til hovudkursa med meir enn 19 prosent.

Tabell 6. Søkjarar til og opptekne elevar ved hovudkurs

| | Søkjarar | | | Elevar da skoleåret tok til | | | Elevar i prosent av søkjarar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Menn | Kvinner | I alt | Menn | Kvinner | I alt | |
| 1958-59 ........ | 2 370 | 4 360 | 6 730 | 1 766 | 2 935 | 4 701 | 70 |
| 1959-60 ........ | 2 490 | 4 781 | 7 271 | 1 840 | 3 128 | 4 968 | 68 |
| 1960-61 ........ | 2 715 | 5 195 | 7 910 | 1 848 | 3 132 | 4 980 | 63 |
| 1961-62 ........ | 2 812 | 5 687 | 8 499 | 1 937 | 3 320 | 5 257 | 62 |
| 1962-63 ........ | 3 023 | 6 241 | 9 264 | 1 940 | 3 500 | 5 440 | 59 |
| 1963-64 ........ | 3 245 | 7 819 | 11 064 | 2 025 | 3 856 | 5 881 | 53 |

I dei siste fem åra har det blitt fleire søkjarar og elevar frå år til år. Auken har vore størst i søkjarmassen, og hausten 1963 var det heile 64 prosent fleire som søkte om opptak på eit av hovudkursa enn fem år tidlegare. Talet på opptekne elevar auka i denne tida med 25 prosent.

## Elevane etter alder og bustad

Storparten av elevane ved folkehøgskolane var fødde i åra 1945-47, det vil seie at dei ved utgangen av 1963 var 16-18 år gamle. Til saman høyrde 88 prosent til desse aldersklassane, medan resten av elevane var eldre.

Tabell 7. Elevane etter alder

| Alder pr. 31. desember | Elevar | | | Prosent | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1961 | 1962 | 1963 | 1961 | 1962 | 1963 |
| 15 år ........ | 22 | 14 | 3 | 0,4 | 0,3 | 0,1 |
| 16 " ........ | 1 575 | 1 434 | 1 191 | 30,0 | 26,3 | 20,3 |
| 17 " ........ | 2 398 | 2 524 | 2 873 | 45,6 | 46,4 | 48,8 |
| 18 " ........ | 824 | 984 | 1 137 | 15,7 | 18,1 | 19,3 |
| 19 " ........ | 196 | 264 | 395 | 3,7 | 4,8 | 6,7 |
| 20 " ........ | 69 | 75 | 120 | 1,3 | 1,4 | 2,0 |
| Over 20 år ... | 173 | 145 | 162 | 3,3 | 2,7 | 2,8 |
| I alt ........ | 5 257 | 5 440 | 5 881 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |

Samanlikna med tidlegare år har det vore ein nedgang i talet på 16-åringar. Såleis var 1 575 elevar eller 30 prosent 16 år i 1961, medan det i 1963 berre var 1 191 elevar eller 20 prosent i denne aldersklassa. I staden har det vorte langt fleire elevar i dei høgre aldersklassane. Når elevane etter kvart har vorte eldre, heng det i nokon mon saman med utbygginga av andreårskursa ved folkehøgskolane.

Av 1 000 ungdomar i alderen 16 år, var 18 elevar ved folkehøgskolane i 1963-64. Talet på elevar i alderen 17 år svara til 42 promille og i alderen 18 år til 18 promille av ungdomskulla.

Tabell 8. Elevane etter bustad

| | Elevar | | | Prosent | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1961-62 | 1962-63 | 1963-64 | 1961-62 | 1962-63 | 1963-64 |
| Bur på skolen ..... | 4 682 | 4 840 | 5 111 | 89,1 | 89,0 | 86,9 |
| Bur heime ......... | 405 | 441 | 557 | 7,7 | 8,1 | 9,5 |
| Annan bustad(hybel, pensjonat o.l.).. | 170 | 159 | 213 | 3,2 | 2,9 | 3,6 |
| I alt ............ | 5 257 | 5 440 | 5 881 | 100,0 | 100,0 | 100,0 |

Dei fleste elevane (87 prosent) budde på skoleinternat. Vel 9 prosent budde heime, og om lag 4 prosent av elevane budde på hybel, pensjonat eller liknande.

Auken i talet på elevar ved folkehøgskolane har i stor mon berre vore mogleg ved intensiv utnytting av elevromma. Fleire skolar melder at dei dessutan har teke i bruk gjesterom, rektorbustad m.v. som rom for elevane. Trass i dette budde ein større del av elevane heime eller på hybel i 1963 enn i tidlegare år.

# T A B E L L A R

Tabell I. Folkehøgskolar i dei einskilde fylke etter lengda på hovudkursa

| | Undervisningstid i veker | | | | | | | Skolar i alt | Av desse med andreårskurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 24 | 25 | 26 | 27 | 30 | 33 | 34 og meir | | |
| Østfold ........ | - | - | - | - | 1[2] | 2 | - | 3 | 3 |
| Akershus ....... | 1 | - | - | 1 | 1 | 2 | - | 5 | 2 |
| Hedmark ........ | - | - | - | - | - | 3 | 1[3] | 4 | 4 |
| Oppland ........ | 1 | - | 2 | 1 | - | 3 | - | 7 | 7 |
| Buskerud ....... | - | - | - | - | - | 2 | 1 | 3 | 3 |
| Vestfold ....... | - | - | - | - | - | 3 | - | 3 | 3 |
| Telemark ....... | - | 1 | - | - | - | 1 | - | 2 | 2 |
| Aust-Agder ..... | - | - | - | - | 1 | - | 1[3] | 2 | 1 |
| Vest-Agder ..... | - | - | - | - | - | 2 | - | 2 | 2 |
| Rogaland ....... | - | - | - | - | - | 5 | - | 5 | 4 |
| Hordaland ...... | 1[1] | - | - | - | - | 7 | - | 8 | 8 |
| Sogn og Fjordane | - | - | - | - | 2 | 3 | - | 5 | 5 |
| Møre og Romsdal. | - | - | - | - | - | 6 | - | 6 | 5 |
| Sør-Trøndelag .. | - | - | - | 2 | - | 3 | - | 5 | 5 |
| Nord-Trøndelag.. | - | - | - | - | - | 4 | - | 4 | 4 |
| Nordland ....... | - | - | - | - | 1 | 2 | - | 3 | 3 |
| Troms .......... | - | - | - | - | - | 4 | - | 4 | 4 |
| Finnmark ....... | 1 | - | - | - | 1 | 1 | - | 3 | 2 |
| I alt .......... | 4 | 1 | 2 | 4 | 7 | 53 | 3 | 74 | 67 |

1) På andreårskurset var undervisningstida 30 veker. 2) På andreårskurset var undervisningstida 24 veker. 3) Undervisningstida 36 veker.

Tabell II. Lærarar i dei einskilde fylke etter kjønn og utdaning

| | I heil post | | | | | I timepost | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Lektorar og adjunktar | Lærarar med godkjend utdaning (lærarprøve) | Faglærarar med godkjend utdaning | Lærarar eller faglærarar utan godkjend utdaning | I alt | Timelærarar tilsette i heil post i andre skolar | Timelærarar tilsette i timepost også i andre skolar | Timelærarar utan undervisning i andre skolar | I alt | Lærarar i alt |
| **Menn** | | | | | | | | | | |
| Østfold ....... | - | 9 | 1 | 1 | 11 | 3 | - | 5 | 8 | 19 |
| Akershus ...... | 4 | 8 | 2 | - | 14 | - | 1 | 9 | 10 | 24 |
| Hedmark ....... | 2 | 12 | 2 | 2 | 18 | - | - | 1 | 1 | 19 |
| Oppland ....... | 5 | 12 | 5 | 3 | 25 | 3 | 1 | 5 | 9 | 34 |
| Buskerud ...... | 2 | 11 | - | - | 13 | - | 1 | 4 | 5 | 18 |
| Vestfold ...... | 1 | 10 | 4 | - | 15 | 1 | - | 3 | 4 | 19 |
| Telemark ...... | 2 | 5 | 2 | - | 9 | 1 | - | 1 | 2 | 11 |
| Aust-Agder .... | - | 9 | 2 | 1 | 12 | - | 1 | - | 1 | 13 |
| Vest-Agder .... | 1 | 5 | 3 | 1 | 10 | 1 | - | 1 | 2 | 12 |
| Rogaland ...... | 1 | 17 | 3 | 3 | 24 | - | 1 | 3 | 4 | 28 |
| Hordaland ..... | 5 | 27 | 4 | 2 | 38 | 6 | 2 | 11 | 19 | 57 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 14 | 4 | 1 | 21 | 4 | 1 | 4 | 9 | 30 |
| Møre og Romsdal | - | 18 | 4 | 1 | 23 | - | 3 | 5 | 8 | 31 |
| Sør-Trøndelag.. | 2 | 16 | 3 | 2 | 23 | 1 | - | 4 | 5 | 28 |
| Nord-Trøndelag. | 4 | 11 | 2 | 1 | 18 | - | 1 | 4 | 5 | 23 |
| Nordland ...... | - | 11 | 3 | - | 14 | 1 | - | 1 | 2 | 16 |
| Troms ......... | 2 | 9 | 2 | 3 | 16 | - | - | 1 | 1 | 17 |
| Finnmark ...... | - | 9 | 2 | - | 11 | - | - | 1 | 1 | 12 |
| I alt ......... | 33 | 213 | 48 | 21 | 315 | 21 | 12 | 63 | 96 | 411 |
| **Kvinner** | | | | | | | | | | |
| Østfold ....... | - | 1 | 4 | 1 | 6 | - | 1 | 2 | 3 | 9 |
| Akershus ...... | 1 | 2 | 9 | - | 12 | - | - | 4 | 4 | 16 |
| Hedmark ....... | - | 1 | 8 | - | 9 | 1 | - | 5 | 6 | 15 |
| Oppland ....... | - | 1 | 14 | 2 | 17 | - | 1 | 5 | 6 | 23 |
| Buskerud ...... | 1 | - | 5 | - | 6 | - | 2 | 5 | 7 | 13 |
| Vestfold ...... | - | 2 | 6 | - | 8 | - | - | 6 | 6 | 14 |
| Telemark ...... | - | 1 | 3 | - | 4 | - | 1 | 1 | 2 | 6 |
| Aust-Agder .... | - | 1 | 4 | - | 5 | - | - | 1 | 1 | 6 |
| Vest-Agder .... | - | - | 5 | - | 5 | - | - | 1 | 1 | 6 |
| Rogaland ...... | - | 2 | 10 | - | 12 | - | - | 5 | 5 | 17 |
| Hordaland ..... | - | 2 | 16 | 2 | 20 | 1 | 1 | 9 | 11 | 31 |
| Sogn og Fjordane | - | 1 | 6 | 1 | 8 | - | 2 | 5 | 7 | 15 |
| Møre og Romsdal | - | 4 | 8 | 4 | 16 | - | - | 9 | 9 | 25 |
| Sør-Trøndelag.. | - | - | 7 | 2 | 9 | 1 | 2 | 4 | 7 | 16 |
| Nord-Trøndelag. | - | 3 | 6 | 1 | 10 | - | - | 4 | 4 | 14 |
| Nordland ...... | - | 1 | 6 | 1 | 8 | 2 | - | - | 2 | 10 |
| Troms ......... | - | 3 | 5 | 5 | 13 | - | 1 | 6 | 7 | 20 |
| Finnmark ...... | - | 3 | 5 | 2 | 10 | - | - | 2 | 2 | 12 |
| I alt ......... | 2 | 28 | 127 | 21 | 178 | 5 | 11 | 74 | 90 | 268 |
| Lærarar i alt.. | 35 | 241 | 175 | 42 | 493 | 26 | 23 | 137 | 186 | 679 |

Tabell III. Søkjarar og opptekne elevar i dei einskilde fylke etter kjønn og alder

| | Søkjarar | | | Elevar pr. 1. oktober | | | Elevar i prosent av søkjarar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Første-års-kurs | Andre-års-kurs | I alt | Første-års-kurs | Andre-års-kurs | I alt | |
| **Menn** | | | | | | | |
| Østfold ........ | 46 | 42 | 88 | 27 | 28 | 55 | 62,5 |
| Akershus ....... | 180 | 31 | 211 | 100 | 21 | 121 | 57,3 |
| Hedmark ........ | 85 | 58 | 143 | 70 | 46 | 116 | 81,1 |
| Oppland ........ | 157 | 97 | 254 | 93 | 48 | 141 | 55,5 |
| Buskerud ....... | 83 | 60 | 143 | 48 | 34 | 82 | 57,3 |
| Vestfold ....... | 83 | 49 | 132 | 62 | 40 | 102 | 77,3 |
| Telemark ....... | 50 | 24 | 74 | 32 | 15 | 47 | 63,5 |
| Aust-Agder ..... | 99 | 35 | 134 | 71 | 22 | 93 | 69,4 |
| Vest-Agder ..... | 51 | 18 | 69 | 37 | 12 | 49 | 71,0 |
| Rogaland ....... | 155 | 55 | 210 | 116 | 39 | 155 | 73,8 |
| Hordaland ...... | 299 | 127 | 426 | 164 | 78 | 242 | 56,8 |
| Sogn og Fjordane | 109 | 45 | 154 | 88 | 32 | 120 | 77,9 |
| Møre og Romsdal. | 182 | 74 | 256 | 114 | 53 | 167 | 65,2 |
| Sør-Trøndelag .. | 174 | 71 | 245 | 95 | 36 | 131 | 53,5 |
| Nord-Trøndelag.. | 234 | 94 | 328 | 111 | 44 | 155 | 47,3 |
| Nordland ....... | 90 | 41 | 131 | 55 | 33 | 88 | 67,2 |
| Troms .......... | 106 | 61 | 167 | 64 | 43 | 107 | 64,1 |
| Finnmark ....... | 59 | 21 | 80 | 43 | 11 | 54 | 67,5 |
| I alt .......... | 2 242 | 1 003 | 3 245 | 1 390 | 635 | 2 025 | 62,4 |
| **Kvinner** | | | | | | | |
| Østfold ........ | 152 | 84 | 236 | 94 | 46 | 140 | 59,3 |
| Akershus ....... | 464 | 57 | 521 | 176 | 31 | 207 | 39,7 |
| Hedmark ........ | 242 | 193 | 435 | 132 | 89 | 221 | 50,8 |
| Oppland ........ | 486 | 227 | 713 | 228 | 128 | 356 | 49,9 |
| Buskerud ....... | 228 | 188 | 416 | 84 | 69 | 153 | 36,8 |
| Vestfold ....... | 358 | 106 | 464 | 155 | 54 | 209 | 45,0 |
| Telemark ....... | 129 | 34 | 163 | 74 | 26 | 100 | 61,3 |
| Aust-Agder ..... | 116 | 61 | 177 | 62 | 27 | 89 | 50,3 |
| Vest-Agder ..... | 193 | 40 | 233 | 85 | 31 | 116 | 49,8 |
| Rogaland ....... | 395 | 144 | 539 | 190 | 82 | 272 | 50,5 |
| Hordaland ...... | 746 | 235 | 981 | 331 | 144 | 475 | 48,4 |
| Sogn og Fjordane | 196 | 65 | 261 | 151 | 60 | 211 | 80,8 |
| Møre og Romsdal. | 428 | 119 | 547 | 233 | 83 | 316 | 57,8 |
| Sør-Trøndelag .. | 493 | 142 | 635 | 181 | 83 | 264 | 41,6 |
| Nord-Trøndelag.. | 394 | 169 | 563 | 125 | 83 | 208 | 36,9 |
| Nordland ....... | 284 | 44 | 328 | 142 | 31 | 173 | 52,7 |
| Troms .......... | 338 | 88 | 426 | 169 | 51 | 220 | 51,6 |
| Finnmark ....... | 155 | 26 | 181 | 106 | 20 | 126 | 69,6 |
| I alt .......... | 5 797 | 2 022 | 7 819 | 2 718 | 1 138 | 3 856 | 49,3 |
| Elevar i alt ... | 8 039 | 3 025 | 11 064 | 4 108 | 1 773 | 5 881 | 53,2 |

Tabell IV. Elevar i dei einskilde fylke etter alder og bustad

| | Alder pr. 31. desember 1963 | | | | | | | | Bustad | | | Elevar i alt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 15 år | 16 år | 17 år | 18 år | 19 år | 20 år | 21 år | 22 år og meir | Internat | Heime | Hybel, pensjonat o.l. | |
| Østfold | - | 29 | 89 | 46 | 15 | 7 | 3 | 6 | 156 | 31 | 8 | 195 |
| Akershus | - | 46 | 118 | 100 | 39 | 8 | 2 | 15 | 317 | 11 | - | 328 |
| Hedmark | - | 27 | 175 | 98 | 21 | 7 | 4 | 5 | 305 | 21 | 11 | 337 |
| Oppland | - | 102 | 241 | 79 | 39 | 14 | 7 | 15 | 408 | 35 | 54 | 497 |
| Buskerud | - | 13 | 116 | 74 | 21 | 7 | 2 | 2 | 188 | 33 | 14 | 235 |
| Vestfold | - | 30 | 161 | 79 | 32 | 7 | 1 | 1 | 225 | 82 | 4 | 311 |
| Telemark | 1 | 36 | 73 | 24 | 8 | 4 | - | 1 | 132 | 15 | - | 147 |
| Aust-Agder | - | 27 | 96 | 30 | 15 | 8 | 3 | 3 | 172 | 10 | - | 182 |
| Vest-Agder | - | 26 | 95 | 29 | 10 | 3 | - | 2 | 156 | 9 | - | 165 |
| Rogaland | 2 | 74 | 204 | 94 | 29 | 14 | 1 | 9 | 391 | 36 | - | 427 |
| Hordaland | - | 137 | 392 | 116 | 44 | 12 | 7 | 9 | 641 | 36 | 40 | 717 |
| Sogn og Fjordane | - | 177 | 111 | 22 | 10 | 2 | 4 | 5 | 306 | 16 | 9 | 331 |
| Møre og Romsdal | - | 154 | 230 | 58 | 20 | 9 | 2 | 10 | 421 | 49 | 13 | 483 |
| Sør-Trøndelag | - | 88 | 205 | 73 | 17 | 4 | 2 | 6 | 303 | 65 | 27 | 395 |
| Nord-Trøndelag | - | 50 | 183 | 86 | 24 | 7 | 5 | 8 | 301 | 48 | 14 | 363 |
| Nordland | - | 32 | 152 | 44 | 23 | 4 | 2 | 4 | 248 | 12 | 1 | 261 |
| Troms | - | 39 | 181 | 71 | 23 | 1 | 3 | 9 | 276 | 36 | 15 | 327 |
| Finnmark | - | 104 | 51 | 14 | 5 | 2 | 1 | 3 | 165 | 12 | 3 | 180 |
| I alt | 3 | 1 191 | 2 873 | 1 137 | 395 | 120 | 49 | 113 | 5 111 | 557 | 213 | 5 881 |

Tabell V. Lærarar og elevar ved skolane i dei einskilde kommunar

| | Lærarar | | Elevar | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | i heil post | i time-post | 1. års-kurs | 2. års-kurs | I alt | Av desse menn | Av desse kvinner |
| **Østfold** | | | | | | | |
| Skjeberg ............ | 5 | 4 | 35 | 30 | 65 | 19 | 46 |
| Eidsberg ............ | 5 | 5 | 20 | 35 | 55 | 26 | 29 |
| Rolvsøy ............. | 7 | 2 | 66 | 9 | 75 | 10 | 65 |
| I alt ............... | 17 | 11 | 121 | 74 | 195 | 55 | 140 |
| **Akershus** | | | | | | | |
| Vestby .............. | 5 | 4 | 44 | 21 | 65 | 24 | 41 |
| Ski ................. | 2 | 4 | 25 | - | 25 | 18 | 7 |
| Bærum ............... | 4 | 2 | 47 | - | 47 | 13 | 34 |
| Ullensaker .......... | 7 | 3 | 92 | - | 92 | 35 | 57 |
| Hurdal .............. | 8 | 1 | 68 | 31 | 99 | 31 | 68 |
| I alt ............... | 26 | 14 | 276 | 52 | 328 | 121 | 207 |
| **Hedmark** | | | | | | | |
| Ringsaker ........... | 6 | 1 | 33 | 26 | 59 | 22 | 37 |
| Sør-Odal ............ | 4 | 3 | 30 | 21 | 51 | 9 | 42 |
| Åsnes ............... | 10 | 1 | 83 | 46 | 129 | 40 | 89 |
| Elverum ............. | 7 | 2 | 56 | 42 | 98 | 45 | 53 |
| I alt ............... | 27 | 7 | 202 | 135 | 337 | 116 | 221 |
| **Oppland** | | | | | | | |
| Lillehammer ......... | 2 | 5 | - | 40 | 40 | 12 | 28 |
| Gjøvik .............. | 8 | 2 | 58 | 16 | 74 | 15 | 59 |
| Sør-Fron ............ | 5 | 2 | 41 | 12 | 53 | 15 | 38 |
| Ringebu ............. | 5 | 4 | 39 | 34 | 73 | 27 | 46 |
| Østre Toten ......... | 4 | 2 | 35 | 14 | 49 | 9 | 40 |
| Gran ................ | 5 | - | 39 | 25 | 64 | 13 | 51 |
| Nord-Aurdal ......... | 13 | - | 109 | 35 | 144 | 50 | 94 |
| I alt ............... | 42 | 15 | 321 | 176 | 497 | 141 | 356 |
| **Buskerud** | | | | | | | |
| Norderhov ........... | 8 | 4 | 45 | 62 | 107 | 35 | 72 |
| Gol ................. | 7 | - | 57 | 16 | 73 | 31 | 42 |
| Rollag .............. | 4 | 8 | 30 | 25 | 55 | 16 | 39 |
| I alt ............... | 19 | 12 | 132 | 103 | 235 | 82 | 153 |
| **Vestfold** | | | | | | | |
| Skoger .............. | 9 | 1 | 73 | 40 | 113 | 34 | 79 |
| Sandar .............. | 5 | 8 | 72 | 34 | 106 | 40 | 66 |
| Brunlanes ........... | 9 | 1 | 72 | 20 | 92 | 28 | 64 |
| I alt ............... | 23 | 10 | 217 | 94 | 311 | 102 | 209 |

Tabell V (forts.). Lærarar og elevar ved skolane i dei einskilde kommunar

| | Lærarar | | Elevar | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | i heil post | i time-post | 1. års-kurs | 2. års-kurs | I alt | Av desse menn | Av desse kvinner |
| **Telemark** | | | | | | | |
| Eidanger ............ | 7 | 2 | 63 | 25 | 88 | 30 | 58 |
| Sauherad ............ | 6 | 2 | 43 | 16 | 59 | 17 | 42 |
| I alt ............... | 13 | 4 | 106 | 41 | 147 | 47 | 100 |
| **Aust-Agder** | | | | | | | |
| Tvedestrand ......... | 7 | 1 | 51 | - | 51 | 51 | - |
| Birkenes ............ | 10 | 1 | 82 | 49 | 131 | 42 | 89 |
| I alt ............... | 17 | 2 | 133 | 49 | 182 | 93 | 89 |
| **Vest-Agder** | | | | | | | |
| Søgne ............... | 6 | 2 | 47 | 13 | 60 | 20 | 40 |
| Lyngdal ............. | 9 | 1 | 75 | 30 | 105 | 29 | 76 |
| I alt ............... | 15 | 3 | 122 | 43 | 165 | 49 | 116 |
| **Rogaland** | | | | | | | |
| Lund ................ | 2 | 2 | 25 | - | 25 | 7 | 18 |
| Nærbø ............... | 10 | - | 92 | 28 | 120 | 46 | 74 |
| Hetland ............. | 13 | 1 | 106 | 51 | 157 | 50 | 107 |
| Sand ................ | 6 | 3 | 36 | 12 | 48 | 21 | 27 |
| Stangaland .......... | 5 | 3 | 47 | 30 | 77 | 31 | 46 |
| I alt ............... | 36 | 9 | 306 | 121 | 427 | 155 | 272 |
| **Hordaland** | | | | | | | |
| Fjelberg ............ | 4 | 3 | 49 | 15 | 64 | 21 | 43 |
| Ullensvang .......... | 5 | 1 | 38 | 14 | 52 | 12 | 40 |
| Voss ................ | 5 | 10 | 74 | 26 | 100 | 35 | 65 |
| Kvam ................ | 14 | 2 | 117 | 46 | 163 | 55 | 108 |
| Fana ................ | 8 | 6 | 53 | 49 | 102 | 44 | 58 |
| Meland .............. | 17 | 3 | 130 | 50 | 180 | 54 | 126 |
| Manger .............. | 5 | 5 | 34 | 22 | 56 | 21 | 35 |
| I alt ............... | 58 | 30 | 495 | 222 | 717 | 242 | 475 |
| **Sogn og Fjordane** | | | | | | | |
| Balestrand .......... | 6 | 3 | 37 | 12 | 49 | 14 | 35 |
| Sogndal ............. | 5 | 3 | 67 | 19 | 86 | 37 | 49 |
| Førde ............... | 6 | 1 | 43 | 15 | 58 | 19 | 39 |
| Eid ................. | 5 | 6 | 37 | 20 | 57 | 16 | 41 |
| Gloppen ............. | 7 | 3 | 55 | 26 | 81 | 34 | 47 |
| I alt ............... | 29 | 16 | 239 | 92 | 331 | 120 | 211 |

Tabell V (forts.). Lærarar og elevar ved skolane i dei einskilde kommunar

| | Lærarar | | Elevar | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | i heil post | i time-post | 1. års-kurs | 2. års-kurs | I alt | Av desse menn | Av desse kvinner |
| **Møre og Romsdal** | | | | | | | |
| Molde .............. | 8 | 3 | 76 | 20 | 96 | 32 | 64 |
| Ulstein ............ | 6 | 1 | 66 | - | 66 | 19 | 47 |
| Ørsta .............. | 5 | 6 | 36 | 43 | 79 | 31 | 48 |
| Borgund ............ | 7 | 3 | 65 | 12 | 77 | 23 | 54 |
| Øre ................ | 7 | 1 | 64 | 36 | 100 | 36 | 64 |
| Surnadal ........... | 6 | 3 | 40 | 25 | 65 | 26 | 39 |
| I alt .............. | 39 | 17 | 347 | 136 | 483 | 167 | 316 |
| **Sør-Trøndelag** | | | | | | | |
| Rissa .............. | 6 | 4 | 45 | 18 | 63 | 19 | 44 |
| Orkdal ............. | 5 | 1 | 35 | 12 | 47 | 17 | 30 |
| Melhus ............. | 12 | 7 | 119 | 47 | 166 | 62 | 104 |
| Strinda ............ | 9 | - | 77 | 42 | 119 | 33 | 86 |
| I alt .............. | 32 | 12 | 276 | 119 | 395 | 131 | 264 |
| **Nord-Trøndelag** | | | | | | | |
| Levanger ........... | 6 | 1 | 51 | 23 | 74 | 34 | 40 |
| Verdal ............. | 10 | 2 | 97 | 43 | 140 | 46 | 94 |
| Inderøy ............ | 6 | 5 | 44 | 51 | 95 | 49 | 46 |
| Grong .............. | 6 | 1 | 44 | 10 | 54 | 26 | 28 |
| I alt .............. | 28 | 9 | 236 | 127 | 363 | 155 | 208 |
| **Nordland** | | | | | | | |
| Brønnøy ............ | 9 | - | 86 | 32 | 118 | 42 | 76 |
| Vefsn .............. | 5 | 4 | 41 | 15 | 56 | 21 | 35 |
| Vågan .............. | 8 | - | 70 | 17 | 87 | 25 | 62 |
| I alt .............. | 22 | 4 | 197 | 64 | 261 | 88 | 173 |
| **Troms** | | | | | | | |
| Trondenes .......... | 11 | 3 | 72 | 39 | 111 | 38 | 73 |
| Ibestad ............ | 4 | 2 | 30 | 22 | 52 | 15 | 37 |
| Lenvik ............. | 7 | 2 | 67 | 19 | 86 | 31 | 55 |
| Lyngen ............. | 7 | 1 | 64 | 14 | 78 | 23 | 55 |
| I alt .............. | 29 | 8 | 233 | 94 | 327 | 107 | 220 |
| **Finnmark** | | | | | | | |
| Kvalsund ........... | 4 | - | 38 | - | 38 | 14 | 24 |
| Måsøy .............. | 9 | - | 66 | 14 | 80 | 18 | 62 |
| Karasjok ........... | 8 | 3 | 45 | 17 | 62 | 22 | 40 |
| I alt .............. | 21 | 3 | 149 | 31 | 180 | 54 | 126 |

**Statistisk Sentralbyrå**
Oslo-Dep.
Tlf. *41 38 20

# Talet på elevar og lærarar i folkehøgskolen

Vedlegg 1.

| | | |
|---|---|---|
| Namnet på skolen | Postadresse | Tlf.nr. |
| Kven som driv skolen | Kommune | Skoleår |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Talet på søkjarar til hovudkursa | 1. års-kurs | Gutar | |
| | | Jenter | |
| | 2. års-kurs | Gutar | |
| | | Jenter | |
| | I alt | | |
| Talet på elevar pr. 1. oktober i skoleåret | 1. års-kurs | Gutar | |
| | | Jenter | |
| | 2. års-kurs | Gutar | |
| | | Jenter | |
| | I alt | | |
| Elevane etter fylte år pr. 31. desember i skoleåret | 15 år | | |
| | 16 år | | |
| | 17 år | | |
| | 18 år | | |
| | 19 år | | |
| | 20 år | | |
| | 21 år | | |
| | 22 år og over | | |
| Elevane etter bustad i skoletida | Bur på skolen | | |
| | Bur heime | | |
| | Annan bustad (hybel, pensjonat o. l.) | | |
| Talet på elevplassar i internatet | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Talet på tilsette eller konstituerte lærarar i **heil post** pr. 1. oktober i skoleåret. (Rektor skal takast med). | Lektorar | Menn | |
| | | Kvinner | |
| | Adjunktar | Menn | |
| | | Kvinner | |
| | Lærarar med godkjend utdanning (lærarprøve) | Menn | |
| | | Kvinner | |
| | Faglærarar med godkjend utdanning | Menn | |
| | | Kvinner | |
| | Lærarar eller faglærarar utan godkjend utdanning | Menn | |
| | | Kvinner | |
| | I alt | | |
| Talet på tilsette eller konstituerte lærarar i **timepost** pr. 1. oktober i skoleeåret | Timelærarar tilsette i heil post i annan skole | Menn | |
| | | Kvinner | |
| | Timelærarar tilsette i time-post også i annan skole | Menn | |
| | | Kvinner | |
| | Timelærarar utan under-visning i andre skolar | Menn | |
| | | Kvinner | |
| | I alt | | |
| Undervisningstid i veker på hovudkursa | | 1. års-kurs | |
| | | 2. års-kurs | |

Dato og underskrift:

Merknader

St. S. 01.096

VENI

## Noregs offisielle statistikk, rekkje A

### Norway's Official Statistics, series A

**Rekkje A** **Stensilert 1964**

Nr. 90 Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1963 *Population in rural districts and towns*

— 91 Lønnsstatistikk for ansatte i offentlige skoler pr. 30. juni 1963 *Wage statistics for employees in publicly maintained schools*

— 92 Industristatistikk 1962 Bedriftenes størrelse, vareproduksjon m. v. *Industrial statistics Size of establishments, commodities produced etc.*

— 93 Forsorgsstønad og kommunal trygd 1962 *Public relief and municipal social pensions*

— 94 Lønnsstatistikk for sjøfolk på skip i innenriks rutefart November 1963 *Wage statistics for seamen on ships in scheduled coasting trade*

— 95 Nasjonalregnskap 1949—1962 *National accounts*

— 96 Lønnsstatistikk for arbeidere i offentlig anleggsvirksomhet 3. kvartal 1963 *Wage statistics for workers in public construction activity*

— 97 Undervisningsstatistikk 1963—64 I Folke- og framhaldsskoler *Educational statistics I Primary and continuation schools*

— 98 Undervisningsstatistikk 1963—64 II Folkehøgskolar *Educational statistics II Folk high schools*

Statistisk Sentralbyrå gjev dessutan ut skriftserien Samfunnsøkonomiske studier (SØS). I denne serien gjev ein ut resultata av etterrøknader, som ikkje er av reint statistisk karakter, m. a. historiske og analytiske studiar, utført ved Byråets forskningsavdeling. *The Central Bureau of Statistics also publishes the series «Samfunnsøkonomiske studier» (SØS). This series contains reports on investigations of not merely statistical character, such as historical and analytical studies, carried out at the Research Department of the Central Bureau of Statistics.*

Stuttare utgreiingar vert gjevne i serien «Artikler». *Shorter reports in the series «Artikler».*

Statistisk Sentralbyrå gjev ut desse periodiske hefta: *The Central Bureau of Statistics publishes the following periodical bulletins:*

Statistisk månedshefte *Monthly bulletin of statistics.*

Månedsstatistikk over utenrikshandelen *Monthly bulletin of external trade.*

Statistisk ukehefte *Weekly bulletin of statistics.*

Ein kan teikna abonnement i Statistisk Sentralbyrå. For Statistisk månedshefte er prisen pr. år kr. 20,00, pr. nr. kr. 2,00. Prisen pr. år for Månedsstatistikk over utenrikshandelen er kr. 25,00, pr. nr. kr. 2,50. For Statistisk ukehefte er prisen pr. år kr. 30,00, pr. nr. kr. 0,75. *For subscription of the bulletins please write to the Central Bureau of Statistics, Oslo.*

**Publikasjonen kjem ut i kommisjon hos**
**H. Aschehoug & Co., Oslo, og er til sals hos alle bokhandlarar.**

**Pris kr. 3,50.**